

Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for kultur

Møtedato: 23.09.2014

Sak nr.: 14/2413-9

Internt l.nr.: 29757/14

Sak: 50/14

Tittel: Budsjett 2015 og 2016- Kultur

Behandling:

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Framlegg til sektorbudsjettet for kultur i 2015 og skisse til budsjett i 2016 vert fordelt slik på tenestenivå:

Programområde		B 2014	B 2015	B 2016
740	Bibliotek	6,662	6,022	5,362
750	Arkiv og kulturminneføremål	13,384	12,634	12,102
760	Museum	16,877	15,777	14,777
771	Kunstformidling	9,745	8,635	8,245
772	Kunstproduksjon	11,057	11,057	10,557
775	Fysisk aktivitet og idrett	3,041	3,041	2,941
790	Andre kulturaktivitetar	11,108	8,758	8,408
SUM		71,874	65,924	62,392

2. Innsparingsutfordringa vert løyst ved følgjande reduksjonar:

Programområde		Tiltak	B 2015	B 2016
740	Bibliotek	Bokbåten	0,640	1,300
771	Kunstformidling	Fylkesmusikarordninga	0,900	0,900
771	Kunstformidling	Kultur og helse	0,210	0,500
771	Kunstformidling	Den kulturelle skulesekken		0,100
772	Kunstproduksjon	Tilskot til regionale kulturinstitusjonar		0,500
775	Fysisk aktivitet og idrett	Tilskot til Sogn og Fjordane idrettskrins		0,100
790	Andre kulturaktiviteter	Kulturmidlar	0,900	0,900
790	Andre kulturaktiviteter	Administrasjon	0,350	0,700
SUM			3,000	5,000

3. Bokbåttenesta i Sogn og Fjordane vert ikkje vidareført etter 01.09.2015.

4. Hovudutval for kultur rår til at det vert arbeidd vidare med fellesmagasin for musea i Sogn og Fjordane med tanke på alternative løysingar.

Hovudutvalet vurderte gildskapen til Eva Hage Solstad. Utvalet fann Eva Hage Solstad ugild ved handsaming av saka. Solveig Norevik møtte i hennar stad.

Ope brev ang. folkemusikksatsinga i fylket var sendt fylkespolitikarane på epost.

Endringsframlegg:

Høgre sette fram slikt framlegg til eit pkt 5:

Høgre vil lengst mogeleg skjerme tilskot til lag og organisasjonar, og vil derfor ta til orde for å kutte tiltak innan den kulturelle drifta i fylket.

Hovudutvalet for kultur vil be om at Sogn og Fjordane Teater sin økonomiske og kunstnariske betydning for fylket vårt vert vurdert.

Med bakgrunn i dette vil hovudutvalet sjå på/vurdere om Sogn og Fj. Teater skal avviklast.

Sosialistisk Venstreparti og Venstre sette fram slikt framlegg til eit nytt punkt 1 og 2 i tillegg til tilrådinga frå fylkesdirektøren :

1. Kulturutvalet viser til del av vedtak i HK-sak 41/14. Primært ber vi finansutvalet ikkje kutte i budsjettamma for kultur. Hovudgrunngevinga er knytt til den satsinga fylkeskommunen har gjort på å byggje omdømmet i fylket. Her er livsstil og kultur viktige element.

Subsidiert ber vi om at kuttet ikkje blir større enn snittet av kutta til fylkeskommunen, i sum ca. 7 millionar.

2. Utvalet ber politisk leiding å vurdere form og tidspunkt for møte med sentrale styresmakter om framtida for dei regionale kulturinstitusjonane våre

Kristeleg Folkeparti, Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Framstegspartiet sette fram slikt framlegg til eit punkt 1 i tillegg til tilrådinga frå fylkesdirektøren:

1. Kulturutvalet viser til del av vedtak i HK-sak 41/14. Kulturutvalet ber finansutvalet om ikkje å kutte prosentvis meir i budsjettamma for kultur enn det som gjeld for fylket totalt. Dvs ei langsiktig reduksjon av ramma på ca 7 millionar for kultur. Hovudgrunngevinga er knytt til den satsinga fylkeskommunen har gjort på å byggje omdømmet i fylket. Her er livsstil og kultur viktige element. Mange av kutta vil også i tillegg gje relativt store kutt i dei statlege kulturtilskota.

Senterpartiet sette fram slikt framlegg til tillegg i pkt 4:

.. og utfordringane knytta til Sunnfjord Museum.

Avrøysting:

Endringsframlegg frå Høgre til eit punkt 5 fekk ei røyst (H) og vart dermed forkasta.

Punkt 1 i endringsframlegget frå Sosialistisk Venstreparti og Venstre fekk to røyster (SV og V) og vart dermed forkasta.

Punkt 2 i endringsframlegget frå Sosialistisk Venstreparti og Venstre vart samrøystes vedteke

Endringsframlegget frå Kristeleg Folkeparti, Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Framstegspartiet vart samrøystes vedteke.

Endringsframlegget frå Senterpartiet til tillegg i punkt 4 vart samrøystes vedteke.

Punkt 1 i tilrådinga frå fylkesdirektøren vart samrøystes vedteken.

Punkt 2 i tilrådinga frå fylkesdirektøren vart samrøystes vedteken.

Punkt 3 i tilrådinga frå fylkesdirektøren vart vedteken mot ei røyst (V).

Punkt 4 i tilrådinga frå fylkesdirektøren vart samrøystes vedteken med vedteke tillegg.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Kulturutvalet viser til del av vedtak i HK-sak 41/14. Kulturutvalet ber finansutvalet om ikkje å kutte prosentvis meir i budsjetttramma for kultur enn det som gjeld for fylket totalt. Dvs ei langsiktig reduksjon av ramma på ca 7 millionar for kultur. Hovudgrunngevinga er knytt til den satsinga fylkeskommunen har gjort på å byggje omdømmet i fylket. Her er livsstil og kultur viktige element. Mange av kuttane vil også i tillegg gje relativt store kutt i dei statlege kulturtilskota.
2. Utvalet ber politisk leiing å vurdere form og tidspunkt for møte med sentrale styresmakter om framtida for dei regionale kulturinstitusjonane våre
3. Framlegg til sektorbudsjettet for kultur i 2015 og skisse til budsjett i 2016 vert fordelt slik på tenestenivå:

Programområde		B 2014	B 2015	B 2016
740	Bibliotek	6,662	6,022	5,362
750	Arkiv og kulturminneføremål	13,384	12,634	12,102
760	Museum	16,877	15,777	14,777
771	Kunstformidling	9,745	8,635	8,245
772	Kunstproduksjon	11,057	11,057	10,557
775	Fysisk aktivitet og idrett	3,041	3,041	2,941
790	Andre kulturaktivitetar	11,108	8,758	8,408
SUM		71,874	65,924	62,392

4. Innsparingsutfordringa vert løyst ved følgjande reduksjonar:

Programområde		Tiltak	B 2015	B 2016
740	Bibliotek	Bokbåten	0,640	1,300
771	Kunstformidling	Fylkesmusikarordninga	0,900	0,900
771	Kunstformidling	Kultur og helse	0,210	0,500
771	Kunstformidling	Den kulturelle skulesekken		0,100
772	Kunstproduksjon	Tilskot til regionale kulturinstitusjonar		0,500
775	Fysisk aktivitet og idrett	Tilskot til Sogn og Fjordane idrettskrins		0,100
790	Andre kulturaktivitetar	Kulturmidlar	0,900	0,900
790	Andre kulturaktivitetar	Administrasjon	0,350	0,700
SUM			3,000	5,000

5. Bokbåttenesta i Sogn og Fjordane vert ikkje vidareført etter 01.09.2015.
6. Hovudutval for kultur rår til at det vert arbeid vidare med fellesmagasin for musea i Sogn og Fjordane med tanke på alternative løysingar.